

HØYRINGSSVAR NY SKULE- OG TILBODSSTRUKTUR 2027 – 2030. VIDAREGÅANDE SKULE

Møre og Romsdal fylkeskommune har invitert kommunen til å kome med innspel til ny skule- og tilbodsstruktur for vidaregåande skule 2027-2030. Høyringsfristen er 1. september.

Trass i ein generell nedgang i elevtal i fylket, har Herøy vidaregåande skule eit stabilt elevgrunnlag basert på positiv folkevekst og bustadbygging i regionen. Det er viktig at fylkeskommunen tek omsyn til lokale variasjonar i staden for generelle prognosar.

Herøy vidaregåande skule spelar ei viktig rolle for ungdom, næringsliv og samfunnsutvikling i Herøy kommune. Skulen er ein viktig del av lokalsamfunnet, og nedlegging eller svekking av tilboda kan auke fråfall, og svekke tilknytning til heimstaden, noko som kan påverke busetjing og samfunnsutvikling negativt.

Ein desentralisert skulestruktur er avgjerande for å sikre like moglegheiter for utdanning uavhengig av kvar ein er busett. Herøy vidaregåande skule er ein sentral institusjon på ytre søre Sunnmøre og tener eit stort omland, inkludert kommunane Ørsta, Volda, Sande, Vanylven, Ulstein og Hareid

Herøy vidaregåande skule tilbyr relevante utdanningsprogram som er tett knytt til lokalsamfunnet sine behov, og fungerer som ein viktig rekrutteringsarena for framtidig arbeidskraft både for næringslivet og offentleg sektor. Å svekke eller legge ned tilbodet ved skulen vil få direkte konsekvensar for tilgang på arbeidskraft i regionen. For ungdomane på Herøy vidaregåande skule og ungdomane i kommunen er det viktig med eit godt og robust skulemiljø. Det vert bygd opp av tilboda skulen kan tilby. Det er svært positivt å sjå at Utdanningsprogrammet Påbygg til generell Studiekompetanse kjem tilbake frå hausten 2027. Det er viktig å behalde også dei eldste elevane i nærmiljøet og på skulen. Både alder og kjønnsfordeling har betydning for skulemiljøet i si heilheit på Herøy vidaregåande skule.

Kommunen står overfor eit aukande behov for faglært arbeidskraft, både innanfor helse/oppvekst, bygg/anlegg og maritim næring.

Ved førre korsveg var det usikkerheit om fleire utdanningsprogram. Kommunen peika då på viktigheita av å bevare desse. Vi legg merke til at tilboda består og meiner det er lagt grundige og gode vurderingar til grunn. Både Restaurant- og matfag samt Bygg- og anleggsteknikk har god innsøknad i Herøy og er viktige for samfunnsutvikling og næringsutvikling i kommunen.

Herøy kommune tilbyr årleg svært mange lærlingplassar både innan helsefag og barne-/ungdomsarbeidarfaget. Lærlingplassar innafor kommunal sektor er ein viktig rekrutteringsarena for kommunen. Det er difor avgjerande at Herøy vidaregåande skule opprettheld og gjerne styrkar tilbodet innan desse utdanningsprogramma, slik at ungdom i regionen får moglegheit til å ta utdanning og gå inn i lærlingløp lokalt. Kommunen og næringslivet har også stort behov for arbeidskraft med høgare utdanning. For at ungdommen skal få god moglegheit til å velje høgare utdanning er det svært viktig at også tilbodet Påbygg til generell studiekompetanse (Påbygging/Pb3) vert vidareført ved Herøy vidaregåande skule.

Herøy kommune meiner det bør leggjast til rette for tettare samarbeid mellom dei vidaregåande skulane i regionen for å sikre at flest mogleg utdanningsprogram kan oppretthaldast i regionen. Gjennom felles planlegging, deling av ressursar og fleksible løysingar kan skulane i fellesskap tilby eit breitt og framtidsretta utdanningstilbod. Dette vil styrke både elevane sine valmoglegheiter og regionen sin samla kompetanseberedskap. Vi registrerer at Naturbruk, fiske og fangst er skalert ned både i Herøy og andre stadar. Vår oppleving som kommune er at dette er ein attraktiv veg i utdanninga. Vi stussar vidare på at næringa ikkje skal ha kapasitet.

Herøy ungdomsråd er bekymra for at ved å redusere frå 2 til 1 klasse på Naturbruk, fiske og fangst, fører det til eit langt høgare snitt som kan føre til at vi kan gå glipp av mange gode fagfolk. *(Uttale frå ungdomsrådet i møte 31.08.26).*

Herøy kommune ber om at Herøy vidaregåande skule blir vidareført som ein robust vidaregåande skule med eit breitt og relevant tilbod. Vi ønskjer ògså invitere fylkeskommunen til dialog om korleis vi saman kan utvikle nye, framtidsretta utdanningstilbod i samarbeid med lokalt næringsliv.